



Business Region Bergen

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2487 - 16/21832

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
16.11.2016

Intensjonsavtale om vidareføring av utvalde tenester frå Business Region Bergen

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Business Region Bergen, Hordaland Fylkeskommune, Regionrådet Nordhordland IKS

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|----------|------------|
| Ingvild Hjelmtveit | FE - 026 | 16/2487 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 91/2016 | Formannskapet | PS | 19.10.2016 |
| 102/2016 | Kommunestyret | PS | 09.11.2016 |

Intensjonsavtale om vidareføring av utvalde tenester frå Business Region Bergen

Vedlegg:

Intensjonsavtale med kommunane – vidareføring av tenestene i Business Region Bergen

Notat om vidareføring av tenestene i BRB, revidert 19.09.2016.

Intensjonsavtale om vidareføring av utvalde tenester frå Business Region Bergen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Business Region Bergen AS var eit samarbeid mellom Bergen kommune og ein del av kommunane i Hordaland. Kommunane i Nordhordland var indirekte medlemmer via Regionrådet (NUI). Etter at Bergen kommune valde å trekke seg ut har det vore jobba med siktet på å finne fram til ein alternativ måte å organisere ein del av dei oppgåvane BRB driv med på vegne av kommunane. Oppgåvane er viktige, men kommunane kvar for seg vert for små til at det er fornuftig å legge oppgåvane til kvar kommune.

Eigarane i Business Region Bergen og Hardangerrådet har i fellesskap utarbeidd eit framlegg for å ta i vare og styrke nokre av tenestene frå Business Region Bergen. Dette gjeld først og fremst Etablerarsenteret og «Invest in Region Bergen».

I vedlagde notat og intensjonsavtale går det fram korleis ein ser for seg organiseringa frammover. Hordaland fylkeskommune tek over vidare drift av Etablerarsenteret, oppfølging av strategisk næringsplan for Bergensregionen og Invest Bergen. Dei vil og ta rolla som sparringspartner for kommunane i arbeidet med å utvikle næring lokalt. Dette synes å vere ei god løysing.

Det vil bli eit spleislag for å finansiere tenestene sjølv om Fylkeskommunen tek ansvar for å vidareføre nemte ordninga. Prisen vert kr 7 pr innbyggjar både for medlemskommunar og

Fylkeskommunen. Dette er kr 3 lågare enn det vi i har betalt til BRB i dag via NUI.

Vurdering

Det er viktig både for regionen og Meland kommune at dette samarbeidet held fram. Det at Hordaland fylkeskommune no tar hovudansvaret for dei to viktigaste prosjekta i eit spleiseland med kommunane gjer at vi er trygge på at tiltaka vert vidareførte på ein god måte.

Hordaland fylkeskommune vil nytte dei to prosjekta til å auke kapasitet, avlaste og styrke dei tiltaka som er operative i fylket i dag. Dette gjeld særleg det arbeidet som vert utført innan etablererettleiing og etablererkurs.

Gjennom satsinga på Kom-an.no tilbyr fylkeskommunen i dag kompetanseheving og møteplassar for etablererettleiarar i kommunane. Vidare løyver fylkeskommunen midlar til ulike etablererkurs i regionane, mellom anna i regi av Regionråda og næringshagane. Dette arbeidet skal fortsette dei komande åra, men fylkeskommunen ser på det som ein styrke å sjå dette i samanheng med «Etablerersenteret» si verksemد.

Etablerersenteret skal tilby kursa sine ute i regionane, i samarbeid med dei etablerte aktørane, som til dømes Regionråda og næringshagane. Ressursane i Etablerersenteret vil òg kunne vere gode samarbeidspartnarar for kommunane i problemstillingar knytt til etablering.

«Invest in Region Bergen» ivaretar det nasjonale programmet til Innovasjon Norge «Invest in Norway» for Hordaland. Prosjektet skal tiltrekke seg nasjonale og internasjonale næringsetableringar til fylket, og vil vere kommunane sitt felles mottaksapparat for investeringsinteressentar. Prosjektet er framleis under utvikling, men har allereie hausta gode skotsmål frå Innovasjon Norge sentralt.

Begge prosjekta vil ha ei eiga styringsgruppe som representerer kommunane. Denne styringsgruppa vil ha ansvaret for dei driftsrelaterte oppgåvene for prosjektet.

Den strategiske utviklinga for dei to prosjekta vil verte tema på eit eller fleire av ordførarmøta som vert halde årleg. Kommunane vil slik ha gode moglegheiter for å utvikle og evaluere resultata for dei to oppgåvene.

Konklusjon

Etter rådmann si vurdering bør Meland kommune slutte seg til den framforhandla intensjonsavtalen. Vi er avhengig av eit godt regionalt samarbeid på dette feltet. Ved å dra vekslar på den kompetansen vi har lokalt og den vi får tilgang på regionalt, står vi sterkare rusta i arbeidet med å markedsføre kommunen og tiltrekkje oss aktuelle etablerarar.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Business Region Bergen.

Meland kommune betaler kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerersenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke etterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer samarbeidet ytterlegare frå 2017.»

Formannskapet - 91/2016

FS - behandling:

FS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Business Region Bergen.

Meland kommune betaler kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerarsenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer samarbeidet ytterlegare frå 2017.»

Kommunestyret - 102/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Buisiness Region Bergen.

Meland kommune betaler kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerarsenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer samabeidet ytterlegare frå 2017.»

